

## Utviklinga går djupare og djupare

Potensialet for næringsutvikling i havrommet er stort og uutnytta, og konkurransen om «det blå gullet» er i gang. Slikt må det bli business av.

Korleis kan bedriftene nytte seg av «havrommet», og kva for moglegheiter for lønnsemd finst det i djupet? Desse spørsmåla vart drøfta under SINTEF-seminaret i Fjell rådhus 18. november, som samla 75 deltakarar.

- Den marine forskinga er Bergen sin best bevarte røyndom. La oss gjere Bergen til Europa sin hovudstad for marin teknologi, sa stortingsrepresentant Henning Warloe frå salen under paneldebatten.

### Fjell i staden for Oslo

SINTEF-seminaret var eit initiativ frå Gode Sirkklar, og vart arrangert på oppdrag frå eigarkommunane. Det er fyrste gong SINTEF sitt årlege seminar har vore arrangert utanfor Oslo.

- Vi ønskjer at seminaret skal gje innspel til kva vi skal leve av i framtida, og gje perspektiver for regionen med eit globalt blikk, sa Fjell-ordførar Eli Berland [H].

«Kan Vestlandet posisjonere seg bedre for å erobre havrommet?» Svaret ja vart støtta opp av ei rekkje gode argument frå foredragshaldarane.

- Vi er verdas leiande sjømatnasjon, med eksport til 140 land, sa kon-

sernsjef Unni Steinsmo i SINTEF. Ho la vekt på at det trengst betre samhandling mellom næringslivet og forskingsmiljøa, og fekk støtte for dette hjå dei andre foredragshaldarane.

### Ljos framtid

- Utviklinga går ein veg: djupare og djupare. LNG og skipsfart er område som kjem til å ta av – det vert kasta pengar inn i forskning på desse områda, sa Jo Stein Moen i Marintek, SINTEF. Kven som klarer å nytte seg av dette med ny teknologi, vil tida vise.

Dr. Øyvind Paasche, leiar for Bergen Marine Forskningsklynge, snakka om ekstreme organismer som lever i ekstreme miljø på meir enn 2000 meters djup, med ekstreme eigenskapar. Her kan mellom anna framtid- as medisin liggje – og gode moglegheiter for bedrifter som vel å satse.

- De har ei unytta kyststripe med ei rekkje artar som veks godt, og de har relevant kompetanse til å dra nytte av artane, sa forskningsjef Trine Galloway ved avdeling for Marin Ressursteknologi, Fiske og Havbruk i SINTEF. Ho snakka om moglegheitene i nye biomarine næringar, mellom anna dei enorme bruksområda til tang og tare.



SINTEF la sitt årlege seminar til Fjell i staden for Oslo. Foto: Inger Elise J. Økland

## Næringslivet sin mann i Øygarden

Han tok over stafettpinnen som ordførar i Øygarden etter Olav Martin Vik i haust.

No tek Otto Harkestad og over styrevervet i Gode Sirkklar.

Tilfeldig eller ikkje, det er sett i gang gode prosessar i næringslivet etter at Gode Sirkklar har gjennomført ulike tiltak for å stimulere til auka lønnsemd for dei små og mellomstore bedriftene i Øygarden. Det må Otto Harkestad erkjenne.

- Eg var ein av dei største kritikanter til Gode Sirkklar ved etableringa. Men eg ser at det er i ferd med å skje noko positivt i Øygarden, seier AP-ordføraren. Han er slett ikkje ukjent med rolla som ordførar. Kjennskap til forvaltning og viktige nettverk har han allereie. Med 21 år i Øygarden kommunestyre bak seg, seks år som ordførar og seks år som varaordførar, har 58-åringen full kontroll på kva han tek til med.

- Det var tøft å setje seg inn i dataprogramma og den digitale kommunikasjonsbiten, seier Harkestad audmjukt. Han er klar for å bidra til å utvikle næringslivet i kommunen og regionen elles.

- Valresultatet i Øygarden syner at det er på høg tid at nokon tek tak i dette, meiner han. Som forretningsdrivande skulle Harkestad vite kvar skoen trykkjer.

- Dei store olje- og gassanlegga vi har er lokomotiv i kommunen, og tilfører oss mange ressursar, men dei har vore ein sovepute for politikarane. No er det politisk viktig at næringslivet utvikler seg, og at vi skaper ein betre kontakt mellom kommunen og næringslivet, seier han.



Øygarden-ordførar Otto Harkestad er ny i styret til Gode Sirkklar. Det første styremøtet går av stabelen 5. desember. Foto: Inger Elise J. Økland

For å sikre dette vil det mellom anna bli sett ned eit politisk næringsutval til våren som skal handsame saker knytt til næringsliv.

- Det finst ein næringsplan frå langt tilbake i tid, men vi treng ein aktuell plan, seier ordføraren.

Harkestad er oppteken av å styrke dei lokale bedriftene fagleg, slik at dei kan utvide marknaden sin, og har tru på at nøkkelen er samarbeidsløysingar.



God stemning under Fiskarbøndens Marknad i september. Foto: David Harris

## Fiskarbøndens Marknad – gjer kjøpesenteret rikare

Komande laurdag, 26. november, er det duka for ein utvida Fiskarbøndens marknad - denne gongen med handverkarar. – Marknaden utvider tilbodet til våre kundar, seier senterdirektør Thomas Skålnes i Sartor Storsenter.

- Vi er svært nøgde med å ha fått etablert Fiskarbøndens Marknad i senteret. Vi set stor pris på det arbeidet som vert gjort av våre samarbeidspartnarar i Kysteventyret og Gode Sirkklar, og ikkje minst innsatsen til aktørane, seier senterdirektøren.

- Vi ønskjer oss fleire deltakarar og, om mogleg, eit enda større produktspekter frå fiskarbonden sin rike meny, held han fram.

På laurdag kan du møte kring 15 utstillarar, fleire enn på ein vanleg marknad. Senteret er tradisjonelt svært godt vitja denne laurdagen før jul, og det er knytt store forventningar til marknaden. Her vert det mogleg å handle heilt unike, lokalproduserte julegåver – frå matprodukt til handverskprodukt.

- Vi merkar ein auka pågang frå utstillarar som melder sin interesse. Marknaden stimulerer til at folk får lyst til å etablere seg som produsentar av nisjeprodukt, seier prosjektleiar Line Steinsland Mosnes i Kystventyret, arrangør av Fiskarbøndens Marknad.

Skålnes vonar at Sartor Storsenter skal bidra til auka lokal matproduksjon, og ivaretaking av lokale mattradisjonar.

- Vi ønskjer at Sartor Storsenter skal vere ein møteplass for trivelege handleopplevingar, og Fiskarbøndens Marknad bidreg til dette. I tillegg er marknaden med på å styrkje senteret sin lokale identitet, seier Skålnes.

## Fleire til Norge med ein gründar i magen

Korleis rettleie arbeidsinnvandrarar som ønskjer å etablere eigen bedrift? Det var tema for den tredje samlinga i Etablererforum Vest 14. november.

Forumet er eit resultat av Etablerartenesta til Gode Sirkklar. Fokuset skal vere retta mot kunnskapsutvikling for alle som er ein del av førstelina i regionen, ut frå tidsaktuelle behov hjå nyetablerarar.

Det er aukande etterspurnad etter arbeidskraft i ei rekkje bransjar, og arbeidsinnvandringa er stigande. Utdanningane knytt til dette er mange, alt frå språk til kulturforståing og forvirring kring regelverk. Ein ny nettportal, altinn.no, skal gjere det lettare både for etablerarar og rettleiarar å orientere seg i jungelen av informasjon.

- Vi ønskjer å vere ein ressurs for Etablererforum Vest, og omvendt. Vi har jobba mykje med etablerarar og gründarar, og har mykje erfaring å dele med andre, seier Gry Sæterdal i Etablerersenteret Business Region Bergen.

Ho legg til at mange arbeidsinnvandrarar kjem dit for å få jobb.

Utfordringa er å finne ut om ein aktiv motiverer til eller frå ideen om å starte eigen bedrift.



Btx: Etablererforum Vest i Øygarden 14. november. Foto: Inger Elise J. Økland